



Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Sunnadal kommune.

Fråsegn til søknad om bygging av 5 småkraftverk. Skrondal, Torske, Hareima, Somrungen og Gryta kraftverk.

Konklusjon

Utbygging av alle dei omsøkte kraftverka vil etter Fylkesmannens vurdering føre til at landskapet får reduserte opplevingsverdiar og landskapskvalitetar. Fleire fossefall vil bli langt mindre synlege og dramatiske. Inngrepsfrie naturområde (INON) vil bli betydeleg redusert.

I medhald av vassressurslova § 24 fremjer Fylkesmannen motsegn til Torske og Hareima kraftverk. Dette ut frå dei landskapsmessige konsekvensane i Sunndalen. Tiltaka vil også gripe inn i inngrepsfrie naturområde (INON), både i Trollheimen landskapsvernområde og Dovrefjell-Sunndalsfjella nasjonalpark. Desse INON-områda er også særskilt prioritert i Fylkesdelplan for inngrepsfrie naturområde.

Fylkesmannen vil rå i frå utbygging av Gryta og Somrungen kraftverk. Ut frå ei samla vurdering vil bortfall av INON i Trollheimen LV og anna mogleg belastning på verneområdet vere klart uheldig.

Fylkesmannen vil isolert sett ikkje gå imot ei utbygging av Skrondal kraftverk (Tverrelva). Etter Fylkesmannens vurdering er utbyggingsomfanget i Øksendalen likevel kome så langt at vi vil be NVE nøye vurdere samla belastning og om det bør byggast ut fleire vassdrag i dette dalføret.

1. Generelt

Fylkesmannen viser til brev av 24.03.2014 der vi blir bede om å kome med fråsegn til fem småkraftsøknader (seks vassdrag) i Sunndal kommune. Fire av kraftverka blir liggande i Sunndalen og eitt i Øksendalen.

2. Fylkesmannens vurdering av dokumentasjonen i prosjekta

Kvaliteten på naturfagleg dokumentasjon

Den naturfaglege dokumentasjonen til søknadene er etter Fylkesmannens vurdering stort sett tilstrekkelege til å tilfredstille krav til kunnskapsgrunnlag, jf. § 8 i naturmangfaldlova. Dei

fleste vassdraga er sørvendte og har periodevis låg vassføring. For desse vurderer vi behovet for undersøkingar knytt til vassføringa som mindre enn for dei vassdraga som ikkje er like solekspnerte. For eitt av dei meir nordvendte vassdraga (Hareima), konkluderer vi med at ein del av kunnskapsgrunnlaget ikkje er tilfredsstillande.

Samla belastning

Fire av dei omsøkte kraftverka ligg i Sunndalen. Fjellområda på begge sider av dalen er verna. På sørsida ligg Dovrefjell-Sunndalsfjella nasjonalpark og Åmotan-Grøvudalen landskapsvernområde, og på nordsida Trollheimen landskapsvernområde. Verneområda er dokumentasjon på dei store naturverdiane i området og dei er viktige for naturoppleving og friluftsliv.

Dei fem kraftverkssøknadene vil føre til inngrep og bortfall av vatn i seks vassdrag. I hovuddalføret Sunndalen ligg frå før Driva (Otta) kraftverk og Grøa kraftverk. Det er også gitt konsesjon til Småvoll kraftverk noko lenger opp i dalføret.

I Øksendalen er det frå før gitt konsesjon til fire kraftverk (Usma, Gaudøla, Seterkraft-Gaudøla og Ljøsåa). Vidare har eitt fått fritak for konsesjonsplikt (Sjølset kraftverk (Jamnhaugbekken/Kvernåa)). I tillegg til det omsøkte Skrondal kraftverk er vi også kjent med at det kjem ein søknad om bygging av Jønstad kraftverk.

Konfliktvurderingane som framgår av dei einsskilte søknader er gjort isolert for kvar utbygging, sjølv om det i dei enkelte søknadene er gjort forsøk på å omtale samla belastning. Desse vurderingane har svært varierende kvalitet. Konflikten er difor undervurdert, om ein ser på belastning på fjellområda totalt sett.

Fylkesmannen legg til grunn at NVE gjer ei samla vurdering av naturverdiane langs Sunndalen og spesielt legg vekt på dei regionale og nasjonale verdiane i fjellområda på begge sider av dalen.

Vi viser også til § 10 i naturmangfaldlova som stiller krav om vurdering av samla belastning på naturmangfaldet. Dette gjeld særleg der mange av utbyggingsprosjekta ligg i same område. Eksisterande utbyggingar i nærområda bør også inkludrast i ei slik vurdering.

Vassforskrifta

Dei omsøkte elvene er i Vann-nett vist som vassførekomstar med antatt god økologisk tilstand og ingen risiko for ikkje å nå miljømålet innan 2021. Kraftutbygging vil kunne påverke den økologiske tilstanden. Vi føreset at NVE vurderer dette opp mot § 12 i vassforskrifta (ny aktivitet og nye inngrep).

Nettilknytning

Det går fram av søknadene at nettilknytning ikkje er avklart. Sunndal energi har i dag ikkje kapasitet til alle som ønskjer. I Øksendalen er 5 MW ledig. Det går fram at dette i utgangspunktet er heldt av til Jønstad kraftverk

3. Fylkesmannens vurdering av dei fem søknadene

Kort om utbyggingsforslaga

Prosjektdata	Skron dal	Torske		Hareima	Somrun gen	Gryta
		Skorga	Fossa			
Installert effekt MW	3,01	4,6	4,4	9,6	3,5	2,8
Produksjon (GWh)	7,1	13,1	12,6	26,3	11,7	9,1
Inntak kote	840	860	855	530	555	640
Stasjon/avlop kote	140	43	43	33	130	100
Slukeevne maks l/s	500	644	614	2200	1040	650
Slukeevne min l/s	25	45	43	166	50	30
Middelvassføring l/s	230	300	310	1110	520	320
Ålmen n lågvasføring l/s	15	22	16	84	60	43
Minstevassføring So l/s	15	22	16	252	60	43
Minstevassføring Vi l/s	15	22	16	56	60	0
Vassveg (m)	1400	1555	1575	1250	1140	1320
Inntaksdam b/h	30/5	Coanda 15 m	Coanda 25 m	40/3	3/?	15/4
Veg inntak/påhogg (m)	200	?	?	450	-	-
Veg kraftstasjon (m)	50	15	15	?	130	40
Overskotsmassar m ³	I røyrgte/ arrondering	I røyrgte/ arrondering	I røyrgate/ arrondering	I røyrgat/ arronder.	-	-
Utbyggingspris kr/kWh	4,90	4,48		2,64	3,38	4,34
Reduksjon i INON km ² Villmark (> 5km)				0,14		
Reduksjon i INON km ² Sone 1 (3-5 km)	1,4	4,6		2,6	3,0	1,8
Reduksjon i INON km ² Sone 2 (1-3 km)	0,8	2,5		2,1	1,7	3,3

3.1. INON-inngrepsfrie naturområde

Fylkesmannen meiner at dei omsøkte utbyggingane samla sett vil føre til uakseptabelt store tap av INON, sett i lys av nasjonale og regionale mål for å ta vare på og hindre vidare oppsplitting av slike område. Vi viser også til Fylkesdelplan for inngrepsfrie naturområde. Dei inngrepsfrie naturområda knytt til Trollheimen landskapsvernområde har her fått *særskilt prioritet* (jfr. Torske, Somrun gen og Gryta kraftverk). Det same har INON knytt til Dovrefjella-Sunndalsfjella Nasjonalpark (Hareima kraftverk) og Eikesdalsvatnet landskapsvernområde (Skron dal kraftverk).

3.2 Skron dal

Omtale av prosjektet

Skron dal kraftverk vil utnytte fallet i *Tverråa* i Øksendalen med inntak på kote 840. Vatnet vil gå i tunnel ned til kote 265 og vidare vil vassvegen bli nedgraven til kraftstasjonen på kote 140. Det vil bli bygt ca. 50 m veg opp til kraftstasjonen og eksisterande traktorveg på 200 m vil bli opprusta fram til påhogg for tunnel. Det er foreslått minstevassføring på 15 l/s heile året. Tiltakshavar er grunneigarane i samarbeid med Clemens Elvekraft AS.



Tverråa. Skrondal. Foto frå søknaden.

Søkjar si omtale av verknadene på natur og miljø

Terrestrisk miljø er stort sett triviell. Ingen funn av raudlisteartar er gjort. Innanfor granskingsområdet er det funnen ein prioritert naturtypelokalitet, definert som reinrosrab, kalkrikt område i fjellet. Sør for utbyggingsområdet ligg det eit større INON-område. Den rørte elvestrekninga er fisketom. Samla vurdering av området verdi i forhold til biologisk mangfald er sett til liten/middels. Det er særleg for inngrepsfri natur at tiltaket vil gi negativ konsekvens.

Fylkesmannens vurdering

Biologisk mangfald-terrestrisk

Vi vurderer kunnskapsgrunnlaget som stort sett godt, men ein kan ikkje sjå bort frå at det kan vere til dømes raudlisteartar i utbyggingsområdet som førebels ikkje er registrerte. Miljørapporten inneheld eit fagleg grunnlag som har gitt firmaet eit relevant utgangspunkt for mellom anna konsekvensvurderingane. Vi ser det som positivt at synfaringsruta er vist på eit kart i miljørapporten.

Utbyggingsområdet består stort sett av ei svært bratt li som er kledd med gråor- og bjørkeskog. Det er ikkje påvist fosserøyksoner. Det er lagt fram lister over mellom anna ulike moseartar og det vert konkludert med at ingen av desse artane kan seiast å vera særskild krevjande eller uvanlege på noko vis sjølv om det er indikasjonar på at nokre få av artane er litt næringskrevjande. Rapporten inneheld ei fagleg grunngeving for kvifor potensialet for funn av raudlista mosar og andre artar ikkje vert vurdert til å vere særskild høgt.

Konklusjon terrestrisk:

Det er ikkje dokumentert særskilte naturfaglege verdiar som naturtypar som er spesielt viktige for det biologiske mangfaldet eller raudlisteartar som ei utbygging vil kome i konflikt med. Vi vil likevel rå til at vassdraget, som eitt av dei få som er att i dalføret, blir vurdert unntatt utbygging.

Fisk og ferskvassøkologi

Fylkesmannen har ikkje vesentlege merknader til søknadens omtale av tilhøva for fisk og elvemusling. Ved naturleg låg vassføring forsvinn vatnet i grunnen i nedre deler av vassdraget og gir dårleg grunnlag for fisk, inkludert ål og elvemusling.

Vi kan ikkje sjå at det er naudsynt med eiga behandling etter laks- og innlandsfiskeleva.

Landskap/friluftsliv/INON (inngrepsfrie naturområde)

Landskapsmessig er det redusert vassføring i Tverrelva som vil bli mest merkbart. Minstevassføring er oppgitt til 15 l/s. Ved å nytte 5-persentilen kan ein få 46 l/s om sommaren. Det vil kunne betre inntrykket noko og bør vurderast.

Inntaket vil påverke INON negativt. INON sone 1 blir redusert med 1,4 km² og sone 2 med 0,8 km². Sone 1 ligg innanfor Eikesdalsvatnet landskapsvernområde. Dette høgfjellsområdet er særskilt prioritert i Fylkesdelplan for inngrepsfrie naturområde. Ein reduksjon av inngrepsfri natur her er derfor klart uheldig.

Vi kjenner ikkje til særskilte friluftssinteresser i nærområdet til vassdraget. Nedre del av vassdraget er bratt. Det går sti opp i Skrondalsbotn, men utfart opp her er av meir lokal karakter.

Konklusjon

Isolert sett er det mindre vassføring i Tverrelva og reduksjon av inngrepsfri natur som er mest uheldig med dette tiltaket. Det er i dag ikkje utvikla gode metodar for å vektleggje eigenverdien ved urørt eller dramatisk vassdragsnatur. Utbygging av Tverrelva må derfor sjåast i samanheng med dei mange andre kraftverksprosjekta i Øksendalen. Etter Fylkesmannens vurdering er utbyggingsomfanget i dalføret kanskje no kome så langt at det må reisast spørsmål om dei få attverande elvene i Øksendalen bør sparast for nye inngrep.

3.3 TorskeOmtale av prosjektet

Torske kraftverk vil utnytte fallet frå *Skorga* på kote 860 og *Fossa* på kote 855. Begge inntaka ligg ved/nær grensa til Trollheimen landskapsvernområde. Vassvegen vil gå i tunnel frå inntaka til kote 85. Herfrå i nedgraven i felles røyrgate fram til kraftstasjonen på kote 43. Tiltakshavar er Norges Småkraftverk AS.



Skorga (t.v.) og Fossa. Foto frå søknaden.

Søklar si omtale av verknadene på natur og miljø

Redusert vassføring i Skorga og Fossa vil vere den mest synlege påverknaden. Øvre del av utbyggingsområdet er svært bratt og utilgjengeleg og lite brukt. Nedst i utbyggingsområdet er graden av påverknad større, med jordbruksområde, gardsbygningar, grustak, vegar, lysløype og liknande. Utanom eit større INON-område av middels verdi, så er det avgrensa og skildra tre viktige naturtypelokalitetar innanfor undersøkingsområdet. Samla er dei terrestriske naturverdiane knytt til dette utbyggingsområdet vurdert som *stor/middels*, medan omfanget av ei utbygging berre kan reknast som *lite negativt*. Dette medfører da at verknaden av ei utbygging blir *liten negativ*.

Fylkesmannens vurdering

Biologisk mangfald-terrestrisk

Vi vurderer kunnskapsgrunnlaget som stort sett godt, men ein kan ikkje sjå bort frå at det kan vere til dømes raudlisteartar i utbyggingsområdet som førebels ikkje er registrerte. Miljørapporten inneheld eit fagleg grunnlag som har gitt firmaet eit relevant utgangspunkt for mellom anna konsekvensvurderingane. Vi ser det som positivt at ein har fått undersøkt det meste av terrenget langs vassdraga i dette bratte området. Bortsett frå inntaket og kraftstasjonsområdet, blir dei terrestriske inngrepa små på grunn av valet av profilbora hol.

Rapporten inneheld relevante vurderingar når det gjeld potensialet for spesielle artsfunn. Det er ikkje uventa at lav- og mosefloraen verkar å vera ganske triviell ut frå den sørlege eksponeringa som desse to elvene har i den bratte lia og at det såleis ikkje vart påvist stabile fosserøyksoner. Det vert konkludert med at potensialet for lav og moseartar som er avhengig av høg luftfukt er lite i heile influensområdet for prosjektet. Det kjem vidare fram at lungeneversamfunnet er dårleg utvikla innan influensområdet og i lia generelt. Truleg er det relativt tørre og varme lokalklimaet her lite gunstig både for dette og andre lavsamfunn. Berre ein raudlista lavart er kjend i lia, nemleg bleikdoggnål (NT – nær trua), ein art som er sterkt knytt til gamle almetre. Alm har den same raudlistestatusen.

Konklusjon terrestrisk:

Ut frå dette fagfeltet har vi ikkje særskilte merknader. Vi føresett likevel at det vert teke naudsynte omsyn til almen i utbyggingsområdet.

Fisk og ferskvassøkologi

Nedste del av Fossa består av relativt grovt materiale der vatnet forsvinn i grunnen ved låg vassføring. Potensialet for anadrom fisk er her lite. Skorga har anadrom strekning. Søknaden konkluderer med at denne strekninga vil få noko meir vatn etter utbygging,

men sommartemperaturen blir lågare. Det blir konkludert med at utbygginga totalt sett kan vere noko positiv for anadrom fisk. Vi har ikkje vesentlege merknader til dette, men avventar likevel fiskegranskingane som har rapportfrist 01.08.2014.

Landskap

Kva som er dei høgste fossane er ofte omdiskutert. Det er avhengig av korleis ein foss blir definert. I fleire lister figurerer Sunndal kommune med dei høgaste fossefalla i verden. Nettavisen har t.d. følgjande liste: 1. Angels Falls, Venezuela (979 m), 2. Tugela Falls, Sør-Afrika (948 m), 3. Tres Hermanas, Peru (914 m), 4. Vinnufallet, Sunndal Norge (865 m) og 5. Skorga, Sunndal Norge (864 m). Dermed er Vinnufallet og Skorga ifølgje denne lista også dei to høgaste fossane i Norge og Europa. Oversikta finst også på www.worldwaterfallsdatabase.com



Skorga. Foto: World Waterfall database

Uansett kor på lista av dei høgaste fossane Skorga ligg, utgjer dette vassdraget eit av karaktertrekka i Sunndalen. Skorga er ein signalfoss for dalen og landskapsmessig er derfor dette vassdraget av høg verdi. Dette synest klart underkommunisert i søknaden, der det kun står at «reduert vannføring i elvene vil ha noe negativ landskapsmessig virkning..» Vi saknar også nærare dokumentasjon av landskapsverknadene, t.d. med bildeserier som viser vassdraga med ulik vassføring gjennom året og der vassføringa er dokumentert.

Landskapsmessig sett er Skorga mellom dei viktigaste vassdraga i kommunen. Fossa er også eit flott vassdrag, sjølv om det ikkje har same inntrykksstyrke som Skorga er dette to nærliggande vassdrag som forsterkar kvarandre. Fylkesmannen er klart negativ til utbygging av Torske kraftverk.

Vi registrerer også at kommunen går imot utbygging av Torske kraftverk (både Skorga og Fossa); jfr. møte i økonomi og planutvalget den 03.06.2014. Kommunen viser i si saksinnstilling m.a. at *«En utbygging vil ha betydelige negative konsekvenser for reiseliv og friluftsliv for kommunens innbyggere. De samfunnsmessige virkningene ved en utbygging vurderes til å være mindre enn andre allmenne interesser»*

INON

Bygging av Torske kraftverk vil bidra til tap av inngrepsfri natur; 4,6 km² i sone 1 og 2,5 km² i sone 2. Dette er høgfjellsområda som inngår i Trollheimen landskapsvernområde og som er særskilt prioritert i Fylkesdelplan for inngrepsfrie naturområde. Dette er klart uheldig. Se pkt. 3.7 der tilhøva til Trollheimen LV er nærare omtalt.


Konklusjon

Fylkesmannen har motsegn til etablering av Torske kraftverk. Dette er hovudsakleg grunngeve i landskapsmessige omsyn. I tillegg vil bortfall av INON i Trollheimen LV og anna mogleg belastning på verneområdet vere klart uheldig.

3.4 Hareima

Omtale av prosjektet

Hareima kraftverk vil utnytte fallet i *Hareima* frå kote 530 ned til ein kraftstasjon på kote 33. Det er søkt om å legge vassvegen nedgraven på heile strekninga, alternativt med fjellboring på deler av strekninga ned til kote 127. Det vil bli oppgradert 450 m ny veg. Det er foreslått minstevassføring på 252 l/s sommar og 56 l/s vinter. Tiltakshavar er fallretteigarane i samarbeid med Tinfos AS



Hareima. Illustrasjon frå søknaden.

Søkjar si omtale av verknadene på natur og miljø

Det er ikkje registrert særleg negativ konsekvens ved kartlegging av kulturminne og landskapsmessige forhold. Innanfor influensområdet til tiltaket er det registrert ein mindre lokalitet med gråor-heggeskog av lokal verdi. Vassdraget ligg på nordsida av eit stort område med inngrepsfri natur av nasjonal verdi. Avgrensa naturtype med gråor-heggeskog vil bli noko rørt ved tilrettelegging for stasjonsområde og utløpskanal.

Det blir seinast 1. august 2014 gjennomført fiskeundersøking for å avklare om elv etter utløp frå kraftstasjon er anadrom. Naudsynte tiltak blir gjennomført ut frå resultatet av denne granskninga. Samla vurdering av verknad og omfang for biologisk mangfald er sett til *liten negativ* konsekvens. Det visuelle inntrykket av flaumelv vil bli lite påverka. Utbygginga vil samtidig redusere risiko for flaumskade da det blir bygt open tilbakeføringskanal frå stasjon til elv.

Planlagte tiltak vil gi ein netto reduksjon av inngrepsfri sone 1 på 2,44 km². Av sone 2 vil 2,12 km² bli omdefinert til inngrepsnært område. Da tiltaket kun medfører små endringar på det inngrepsfrie naturområdet vurderast konsekvensane for INON som *små negative*. Influensområde blir nytta som jaktområde for hjortevilt. Det går en tursti på vestsida av Hareima, denne blir ikkje direkte rørt av utbygginga men visuelt vil utbyggingsaktiviteten bli synleg frå tursti. Tiltaket blir vurdert til å ha *liten innverknad* på brukarinteresser.

Fylkesmannens vurdering

Biologisk mangfald-terrestrisk

Rapporten inneheld ei samanstilling av eksisterande kunnskap og det er kartlagt ein ny gråor-heggeskog etter DN handbok 13. Han inneheld også eit avsnitt om potensialet for funn av sjeldne mose- og lavartar i fuktige miljø.

Det er vidare opplyst at det ikkje vart registret lungenever- eller fosseneversamfunn på trevegetasjonen langs elva og mangel på kontinuitet i tresjiktet gir eit lågt potensiale for funn av sjeldne vedbuande lav og moseartar. Men det kjem også fram at det kan vere eit potensiale for funn av sjeldne fuktigkrevjande artar langs elvestrengen.

Etter vår vurdering skil dette vassdraget seg ut frå dei andre i dalføret som det er søkt om å få bygge ut. Dei andre er sørvende og dominert av varmekjære artar og vegetasjonstypar og med eit planteliv langs elvestrengen som periodevis står i fare for å tørke ut. Denne elva er den vassrikaste av dei som ikkje er bygde ut i Sunndalen og er nordvendt. På grunn av dette blir både artar og vegetasjonssamfunn knyt til vassføringa av større naturfagleg interesse enn dei andre i dalføret. Det er påfallande få moseartar som er registrert og vi er usikker på kompetansen til firmaet på dette fagfeltet. Det er opplyst at sur berggrunn reduserer potensialet for funn av sjeldne artar innafor nemnte grupper, sjølv om vassdraget har ein nordaustleg eksposisjon og stor vassføring samt sprutpåverknad av tilgrensande vegetasjon. Dette kan vere rett samanlikna med vassdrag med eit meir basisk jordsmonn, men vi må nok i ei sak som denne legge større vekt på påverknaden av vatn på vegetasjonen enn berggrunnen i og langs vassdraget.

Av rapporten kjem det fram at det ikkje er registrert raudlisteartar innafor influensområdet til planlagde tiltak. Vi vil merke at kunnskap om sjeldne artar er eit krevjande fagfelt og vi er usikker på firmaet sin kompetanse på dette mellom anna når det gjeld ulike moseartar avhengige av fukt og vatn.

Rapporten inneheld eit avsnitt med kvalitetsvurdering av eksisterande registreringar. Det gjeld verdien av eit vinterbeite for hjort og rådyr. Vi vurderer hjorteviltet sine levekår som lite relevante i denne samanhengen.

Konklusjon terrestrisk:

Vi meiner at kunnskapsgrunnlaget for området ved kraftstasjonen inkludert tilkomstvegen er tilfredstillande, men vi ser behov for betre undersøkingar når det gjeld artar og vegetasjon i vassdragsområdet. Ved ei ny undersøking bør det leggest spesielt vekt på betre registreringar av ulike moseartar i og nær vassdraget.

Fisk og ferskvassøkologi

I utgangspunktet har vi ikkje opplysningar som skulle tilseie at utbygginga vil få særlege verknader på anadrom fisk. Det er likevel ikkje avklart kor lang anadrom strekning er og vi er derfor nøgd med at NVE har stilt krav om at det skal gjennomførast fiskeundersøkingar i vassdraget, som m.a. vil avklare dette. Eigen rapport frå denne granskinga skal leggest fram innan 01.08.2014. Endeleg konklusjon vedrørande mogleg påverknad på anadrom fisk må gjerast når rapporten ligg føre.

Landskap/friluftsliv

Saman med Vinnufossen og Skorga er Hareima eitt av signalvassdraga i Sunndal kommune. Sjølv om vassføringa i dei mest flaumutsette periodane framleis vil vere stor, vil Hareima over året få vesentleg redusert vassføring. Dette vil saman med etablering av rørgate i den bratte fjellsida vere klart landskapsmessig uheldig.

Det går tursti opp ryggen vest for Hareima. Denne er nytta som tilkomstområde for toppturar i fjellområda rundt. Ei utbygging av Hareima vil klart redusere opplevingsverdien i området.



Hareima under snøsmelting juni/juli. Foto frå søknaden.

INON

Vassdraget ligg i nordenden av eit stort område med inngrepsfri natur (INON). Utbygginga vil føre til reduksjon av villmarksprega område med 0,14 km², sone 1 med 2,6 km² og sone 2 med 2,1 km². I OEDs rettleiar «Retningslinjer for små vannkraftverk-2007» går det klart fram at villmarksprega område har stor verdi. Dette området inngår i Dovrefjell-Sunndalsfjella Nasjonalpark. Sjølv om inntaket ligg utanfor vernegrensa vil tiltaket klart påverke dei inngrepsfrie områda innanfor. Vi minner vidare om at dette INON-området også er særskilt prioritert i Fylkesdelplan for inngrepsfrie naturområde.

Vi registrerer også at kommunen i si saksutgreiing påpeikar at «*En eventuell utbygging av Hareima vil påvirke landskapsbildet i nedre del av Sunndal og ha store negative konsekvenser for turisme, friluftsliv og trivsel for kommunens egne innbyggere*». I økonomi og planutvalgets møte 03.06.2014 har kommunen sagt nei til utbygging av Hareima.

Det er skissert ei alternativ løysing med fullprofilboring i staden for røyrgate. Landskapsmessig kan dette vere noko betre da det gir mindre direkte inngrep i fjellsida. Bortfall av vatn i Hareima og reduksjon i INON vil likevel vere det same.

Konklusjon

Fylkesmannen har motsegn til utbygging av Hareima. Elva er eit av karaktervassdraga for Sunndalen og tiltaket vil ha store negative konsekvensar for landskap og opplevingsverdiar. Vidare vil ei utbygging ha klart negative konsekvensar for inngrepsfri natur (INON) innanfor Dovrefjell-Sunndalsfjella Nasjonalpark.

3.5 Somrungen

Omtale av prosjektet

Somrungen kraftverk vil utnytte fallet i *Somrungen* frå kote 555 til eit kraftverk på kote 130. Vassvegen vil vere nedgraven trykkørør på ca. 1140 m. Det blir bygt 130 m tilkomstveg fram til stasjonen. Det blir foreslått ei heilårleg minstevassføring på 60 l/s. Tiltakshavar er Småkraft AS.



Somrungen. Foto: Lars Kringstad



Søkjar si omtale av verknadene på natur og miljø

Somrungen kraftverk vil medføre relativt små konsekvensar for biologisk mangfald. Ingen naturtype- eller viltlokalitetar blir rørt, og det som evt. blir rørt av raudlista artar er i lågaste kategori (*nær truga*). Ingen verdfulle lokalitetar eller artar knytt til vassdrag rørt. Bidraget til samla belastning for naturmangfaldet i Sunndalen er dermed truleg lite. Konsekvensen for ålmenne brukarinteresser vurderast som *liten til middels negativ* for Somrungen kraftverk isolert sett. Utbygginga bør imidlertid sjåast i samanheng med andre planlagt konsesjonssøkte kraftverk/kraftverk under utbygging i Sunndalen. Konsekvensen for landskap vurderast som *middels negativ*. Tiltaket vil medføre at 1,75 km² vil gå tapt frå inngrepsfri sone 2, og 3 km² av inngrepsfri sone 1 blir omklassifisert til sone 2. Dette tilseier *liten til middels negativ konsekvens* for INON.

Nedre del av Somrungen og tiltaksområdet kan ha betydning for sjøaure frå den nasjonale lakseelva Driva. NVE har stilt krav om at det må gjennomførast fiskeundersøkingar i Somrungen og det vil bli framlagt ein eigen rapport frå denne undersøkinga innan 01.08. 2014.

Fylkesmannens vurdering

Biologisk mangfald-terrestrisk

Vi vurderer kunnskapsgrunnlaget som stort sett godt, men ein kan ikkje sjå bort frå at det kan vere til dømes raudlisteartar i utbyggingsområdet som førebels ikkje er registrerte. Det faglege grunnlaget i rapporten har gitt firmaet eit relevant utgangspunkt for mellom anna konsekvensvurderingane. Vi ser det som positivt at synfaringruta er vist på eit kart i rapporten.

Vassdraget har ein fossenatur og vassmengder som har gitt grunnlag for utvikling av litt sprutpåverka vegetasjon med nokre fuktkevande moseartar og i dei mest skyggefulle partia er det frodig høgstaude-storbregnevegetasjon.

Røyrleiingstraseen inneber eit stort terrenginngrep, men det er ikkje registrert naturtypar etter DN kartleggingshandbok 13 i traseen eller raudlista naturtypar. Vegetasjonen er stort sett triviell, men det er registrert 3 raudlisteartar i kategorien NT i utbyggingsområdet. Det er alm og soppartane skrukkeøre og *Hygrocybe fornicata*. Den siste er registrert mellom røyrгатetraseen og Øverskaret, mens skrukkeøre er registrert på ein alm ved Somrungen. Vi saknar ei utdjupande vurdering av potensialet for fleire raudlisteartar i området.

Konklusjon terrestrisk:

Rapporten påviser ikkje vesentlege negative konsekvensar for det biologiske mangfaldet. Redusert vassføring vil få uheldige konsekvensar for nokre små lokalitetar med fuktkevande vegetasjon ved fossen og langs elva. Kraftlinetraseen og nedre del av røyrгатetraseen kan føre til at det må hoggast nokre almetre. Området kan likevel ikkje vurderast som eit av kjerneområda for alm i Sunndalen. Som tilrådd i rapporten, bør det vurderast om røyrleiinga kan leggest utanom førekomstane av soppartane skrukkeøre og *Hygrocybe fornicata*. Det må også takast omsyn til dei gamle almetrea.

Fisk og ferskvassøkologi

Det meste av rørt elvestrekning er bratt og med grovt substrat. Nedanfor planlagt kraftstasjon er elva flatare og har finare substrat fram mot samløp Driva. Ut frå eksisterande kunnskap kan ikkje Fylkesmannen sjå at ei utbygging vil ha vesentlege negative verknader på anadrom fisk. Vi er likevel nøgd med at NVE har stilt krav om at det må gjennomførast fiskeundersøkingar i Gryta. Det skal leggest fram ein eigen rapport frå denne granskinga innan 1. august 2014. Det går også fram av søknaden at ein også ønskjer å betre tilhøva for fisk på strekninga nedstraums kraftstasjonen.

Søknaden treng ikkje særskilt behandling etter laks- og innlandsfiskelova.

Landskap/friluftsliv

Redusert vassføring vil forringe opplevingsverdien av vassdraget. Øvre del av utbyggingsstrekninga er bratt og røyrtraseen her vil vere godt synleg frå dalen.

Etter det vi kjenner til er brukarinteressene i nærområdet i hovudsak knytt til hjortejakt. Det går også DNT-stigar (frå Eiriksvollen) og på sørsida av dalen. Utbygging vil vere synleg for desse og kunne redusere opplevingsverdien.

INON

Ei utbygging som omsøkt vil gripe inn i eit særskilt prioritert inngrepsfritt naturområde; jfr Fylkesdelplan for inngrepsfrie naturområde frå år 2000. Det vil medføre at 1,7 km² av inngrepsfritt areal går tapt frå sone 2 og 3,0 km² frå sone 1. Dette er klart uheldig, da dette også er inngrepsfrie areal som ligg innanfor Trollheimen landskapsvernområde. Se pkt. 3.7 der tilhøva til Trollheimen LV er nærare omtalt.

Konklusjon

Dei landskapsmessige inngrepa er hovudutfordringane ved ei utbygging av Somrungen. Desse er likevel av ein slik karakter at ei utbygging isolert sett kunne blitt akseptert.

Samla sett vil likevel bortfall av INON i Trollheimen LV og anna mogleg belastning på verneområdet vere klart uheldig. Ut frå ei slik vurdering vil vi rå ifrå søknaden.

3.6 Gryta

Omtale av prosjektet

Gryta kraftverk vil utnytte fallet i *Gryta* frå kote 640 til eit kraftverk på kote 100. Vassvegen vil vere nedgraven trykkroyr på ca. 1320 m. Det blir bygt 40 m tilkomstveg fram til stasjonen. Det er foreslått heilårleg minstevassføring på 43 l/s. Tiltakshavar er Småkraft AS.



Gryta. Foto frå søknaden. Fylkesmannen rår til at inntaket blir flytta til nedsida av svabergsfossen (sjå pil) slik at den blir liggande urørt.

Søkjar si omtale av verknadene på natur og miljø

Om lag 300 m av røyrkata vil gå gjennom ein naturtypelokalitet *rik edelauvskog* av svært viktig verdi (A). Her er det registrert ei rekkje raudlista artar i kategoriane NT og VU. I nedre del av influensområdet er det registrert mnemosynesommarfugl (NT) som er ein freda art. Søkjar vurderer konsekvensen for raudlista artar som *liten til middels negativ* og for terristrisk miljø som *middels negativ*.

Konsekvensen for ålmenne brukarinteresser vurderast som *liten til middels negativ* for Gryta kraftverk isolert sett. Det meste av influensområdet framstår i dag som urørt, og er godt eksponert frå Sunndalen. Tiltaket vil medføre hogst og sprenging nedover lisida, og røyrkata vil stadvis gå i dagen. Vassføringa i Gryta vil bli sterkt redusert, slik at bidraget til landskapsopplevinga blir mindre. Konsekvensen for landskap blir vurdert som *middels negativ*. Tiltaket vil medføre at 1,77 km² av inngrepsfritt areal går tapt, og at 3,3 km² blir omklassifisert til lågare status. Konsekvensen for INON blir vurdert som *liten til middels negativ*.

Fylkesmannens vurdering

Biologisk mangfald – terrestrisk

Vi vurderer kunnskapsgrunnlaget som stort sett godt, men ein kan ikkje sjå bort frå at det kan vere til dømes raudlisteartar i utbyggingsområdet som førebels ikkje er registrerte. Miljørapporten inneheld eit fagleg grunnlag som har gitt firmaet eit relevant utgangspunkt for mellom anna konsekvensvurderingane. Vi ser det som positivt at synfaringsruta er vist på eit kart i miljørapporten.

Ein del av skogen i området kan karakteriserast som eit kjerneområde for biologisk mangfald. Det gjeld både naturtypar og raudlisteartar. Etter at konsulentfirmaet gjennomførte sitt feltarbeid i 2008, har det vore to nye undersøkingar i området. I 2013 fekk Miljøfagleg Utredning i oppgåve av Fylkesmannen å kvalitetssikre og supplere Naturbase med nye data i kommunen. Resultatet av den kartlegginga vart tilgjengeleg i www.naturbase.no i mai 2014.

Røygata går stort sett klar av dei registrerte og oppdaterte lokalitetane som er viste i Naturbase, men det er truleg behov for ei justering. Slå lokalitet BN00089270 og BN00089265.

Av rapporten kjem det fram at det er registrert mnemosynesommerfugl (NT) og som er ein freda art i influensområdet. Arten er i vesentleg grad knytt til habitat der rasdynamikk som hindrar gjengroing er ein sentral faktor. Vi kan ikkje sjå at ei utbygging slik som det er søkt om i særleg grad vil kome i konflikt med arten sine krav til leveområde.

Miljørapporten inneheld ei vurdering av potensialet for mellom anna trua naturtypar. I den samanheng burde potensialet for raudlisteartar ha vore noko betre utdjupa. Vassdraget er sørvendt og har på årsbasis ei ujamn vassføring og periodevis karakter av å vere ein bekk. Det er såleis naturleg at det ikkje er registrert spesielt fuktkeivjande arter, natur- eller vegetasjonstypar langs elva som mellom anna fossesprøytoner med interessante mosematter. Men funna av gulsildre og raudsildre er likevel interessante.

Konklusjon terrestrisk:

Vi har ingen spesielle merknader til redusert vassføring i elva, men vi vil rå til at det som vilkår for eit eventuelt utbyggingsløyve blir kravd at røyrleiingstraseen vert justert litt mot vest for å unngå den nasjonalt verdfulle edellauvskogen langs Gryta.

Fisk og ferskvassøkologi

Driva med sidelever er nasjonalt laksevassdrag. Det er derfor viktig at det ikkje blir gjort tiltak som kan skade gyte- og leveområda for anadrom fisk. Det meste av rørt elvestrekning er bratt og med grovt substrat. Nedanfor planlagt kraftstasjon er elva flatare og har finare substrat fram mot samløp Driva. Ut frå eksisterande kunnskap kan ikkje Fylkesmannen sjå at ei utbygging vil ha vesentlege negative verknader på anadrom fisk. Vi er likevel nøgd med at NVE har stilt krav om at det må gjennomførast fiskeundersøkingar i Gryta. Det skal leggjast fram ein eigen rapport frå denne granskinga innan 1. august 2014. Det går også fram av søknaden at ein ønskjer å betre tilhøva for fisk på strekninga nedstrøms kraftstasjonen.

Søknaden treng ikkje særskilt behandling etter laks- og innlandsfiskelova.

Landskap/friluftsliv

Tiltaksområdet er i liten grad nytta som friluftsområde. Dei ålmenne interessene er knytt til landskapsverknadene sett frå dalen og frå DNT stien på sørsida av dalen.

Deler av røyrgata vil gå i skogsterreng og kan på sikt gro att og dermed bli mindre synleg. Den øvste delen er klart meir utfordrande landskapsmessig sett. Her skal røyrgata sprengast ned eller klamrast til fjellet og røyret vil vere synleg i eit større landskapsrom. Det er kun søkt om eitt utbyggingsalternativ. Fjellboring er vurdert som for kostbart. Inntaket er foreslått ved grensa til landskapsvernområdet, ca. på kote 640. Ut frå landskapsmessige omsyn vil vi be om at ein vurderer å flytte inntaket ned under svabergsfossen til ca. kote 490-500. Den mest eksponerte delen av vassdraget vil da vere urørt. Fossen får normal vassføring og det tekniske inngrepet blir vesentleg redusert.

Det er viktig at NVE vurderer utbygginga i samanheng med andre omsøkte utbyggingar av elver i Sunndalen, da dei negative konsekvensane for landskapet i området vil kunne bli større samla sett.

INON

Ei utbygging som omsøkt vil gripe inn i eit særskilt prioritert inngrepsfritt naturområde; jfr Fylkesdelplan for inngrepsfrie naturområde frå år 2000. Det vil medføre at 1,77 km² av inngrepsfritt areal går tapt, og at 3,3 km² blir omklassifisert til lågare status. Dette er klart uheldig, da det også er inngrepsfrie areal som ligg innanfor Trollheimen landskapsvernområde. Se pkt. 3.7 der tilhøva til Trollheimen LV er nærare omtalt.

Konklusjon

Dei landskapsmessige inngrepa er hovudutfordringane ved ei utbygging av Gryta. Ut frå landskapsmessige omsyn har vi foreslått å flytte inntaket ned under svabergsfossen til ca. kote 490-500. Den mest eksponerte delen av vassdraget vil da vere urørt. Landskapsinngrepa vil da kunne bli av ein slik karakter at ei utbygging isolert sett kunne akseptierast. Samla sett vil likevel bortfall av INON i Trollheimen LV og anna mogleg belastning på verneområdet vere klart uheldig. Ut frå ei slik vurdering vil vi rå ifrå søknaden.

3.7 Forholdet til Trollheimen landskapsvernområde


Tre av dei fem omsøkte småkraftverka ligg slik at verknad av inngrepa må vurderast i forhold til Trollheimen landskapsvernområde.

Plassering av inntak heilt på vernegrensa er avhengig av å kjenne nøyaktig grense. Vidare vil utbygging og plassering av inntak påverke området grad av urørtheit (INON status). Både bygging og seinare drift og vedlikehald vil medføre uønska støy, aktivitet og motorferdsel. Trollheimen er i dag rørt av vasskraftverka *Grana /Orkla* (Jøla, fjellbekken, Hela) *Driva* (med vatn frå Otta, Gjevilvatnet og Tovatna) *Neas* (Innerdalen) og *Trollheim* (Follsjø, Gråsjø, Vindøla og Folla). I tillegg er det gitt konsesjon for utbygging av *Erga / Småvoll* og Trønder Energi har ein søknad om konsesjonsfritak for utbygging av *Tovatna kraftverk*. Både dagens kraftprodusentar og komande utbyggingar vil innverke på Trollheimen ved aktivitet knytt til utbygging/vedlikehald, tilsyn og drift.

Vernegrense

Trollheimen landskapsvernområde, er sjølv om det vart verna i 1987, enno ikkje ferdig merkt og innmålt. Sjølv om vernegrensa i dag er vist på fleire digitale kartbasar kan det vere feil i kartgrunnlaga. Riktig grense er den som er teikna i vernekartet og seinare merkt og

innmålt. Dette arbeidet er altså ufullstendig for Trollheimen. Trollheimen er meldt til merking av jordskifteverket, og det er bedt om at grensa i Sunndal blir prioritert først på bakgrunn av småkraftsakene.



Kartet over henta frå GISlink, viser grensepunkta 36 (Furunebba h 1516) og 37 (Hoåsnebbha h 1468), som er viktig for plassering av inntaka av elvene Skorga og Fossa i Torske kraftverk. Vidare grensepunkt 38 (stolpe ved stien på Smørklumpen) og grensepunkt 39 (Klingfjellet h 1468), som har betydning for inntaka til Somrungen og Gryta kraftverk. Grensepunkt 36, 37 og 39 er merkt men ikkje innmålt, medan grensepunkt 38 er uklart og ikkje merkt. Mellom punkta går vernegrensa i rette liner.

Den innteikna vernegrensa i digitale kart har sitt grunnlag frå digitalisering av vernekartet. Vernekartets grense utgjer ein strek med breidde på 50 m i terrenget. I tillegg er det ein del uklareheit mellom kart og grenseomtale som gjer at det på uklare punkt er naudsynt å tolke kvar det har vore meint å la vernegrensa gå. For strekninga i Sunndal gjeld dette mellom anna grensepunkt 38.

Kraftverkas planlagte inntak for alle dei fire elvene Skorga, Fossa, Somrungen og Gryta, er tenkt plassert heilt på vernegrensa. Det er da heilt naudsynt å vite med stor nøyaktigheit kvar grensa går på dei aktuelle stadene.

Trollheimens grad av urørtheit

Plassering av nye inntak og kraftverk i (Tovatna og Erga/Småvoll) og ved vernegrensa (Torske, Somrungen og Gryta) til Trollheimen vil endre området grad av urørtheit. Kor mykje tiltaka vil redusere INON er tidlegare kommentert under dei enkelte prosjekta. Dersom ein også legg inn Småvoll (Erga) kraftverk til dette, der det allereie er gitt konsesjon, vil sumeffekten av mange mindre inngrep gi betydeleg tap av inngrepfri natur. Dette er vist i figuren under.


Registreringsdato: 05.06.2014




Inngrepsfrie naturområder i Norge – rapport for beregning av bortfall av inngrepsfri natur ved simulering av nye inngrep

Inngrepets plassering:

Situasjon før inngrepet:

Situasjon etter inngrepet:


 Kartgrunnlag Kartverket, Geovekst og kommuner
 Kilde for inngrepsfri natur: Miljødirektoratet, INON.01.13

Bortfallskalkulator		Bortfall/økning i km ²
Villmarkspregede naturområder (5 km eller mer fra inngrep)		- 2.62 (Bortfall/tap)
Inngrepsfri sone 1 (mellom 5 og 3 km fra inngrep)		- 24.9
Inngrepsfri sone 2 (mellom 3 og 1 km fra inngrep)		+ 11.5
Inngrepsnære naturområder (under 1 km fra inngrep)		+ 16.0 (Bortfall/tap av inngrepsfri natur)

NB: Beregning av bortfall gjelder kun det berørte INON-området. Bortfall på kommune- og fylkesnivå beregnes ikke.

Merk: Denne rapporten gir veiledende informasjon og ikke nødvendigvis helt nøyaktige tall for oppdraget. For at rapporten skal gi et best mulig bilde av hva som vil skje, er det viktig å tegne inn inngrepet mest mulig nøyaktig. Vi anbefaler at skjermdigitaliseringen skjer i en så stor målestokk som mulig, men uten at en mister oversikten over området.

 Lenke til rapporten: <http://inonkart.miljodirektoratet.no/inon/bortfall/rapport/931-ZFFXRT/pdf>

Kart og tabell viser samla bortfall av inngrepsfri natur i Trollheimen landskapsvernområde som følge av utbygging av Torske (Skorga og Fossa), Somrungen, Gryta og Småvoll (Erga) kraftverk.

Trollheimen er i dag verna som landskapsvernområde da naturvernlova som det vart verna etter ikkje opna for å opprette nasjonalpark på privat grunn. Med naturmangfaldlova av 2009 er dette no endra. Både Miljødirektorat og det tidlegare Miljøverndepartementet har sagt at dei ser at Trollheimen har kvalitetar til å vere nasjonalpark, og at dei er positive til å ta opp ein prosess på eventuell endring av vernestatus, dersom det kjem eit lokalt initiativ til dette. I denne samanheng fryktar ein at omfattande endring av inngrepsfrie areal, som følge av kraftutbyggingar i randsona, vil forringe moglegheiten for å heve vernegrad frå landskapsvern til nasjonalpark.

Aktivitet som følge av utbygging og samla belastning NML § 10

Ved utbygging vil det vere vanskelig ikkje å påverke Trollheimen landskapsvernområde med aktivitet, motorferdsel og annan støy. Det same gjeld ved seinare drift, tilsyn og vedlikehald.

Normalt vil også behov for snømålingar kome som eit resultat av ei utbygging, og sjølv om inntak og kraftverk ligg utanfor, er nedbørsfelta i sin heilheit innanfor verneområdet. Sjølv om inntak blir lagt utanfor verneområdet kan det ved seinare drift medføre aktivitet innanfor verneområdet. Som eksempel er inntak til Driva kraftverk i Ottdalen utanfor vernegrensa, men einaste mulige veg til inntaket er frå baksiden – det vil seie gjennom Trollheimen og deler av Innerdalen landskapsvernområde.

Dei mange tiltaka (motorferdsel m.m) som kjem som følge av vasskraftproduksjonen i Trollheimen i dag vil saman med fleire nye utbygginga gi ein betydeleg samla negativ belastning - både oppleving for brukarane av områda, området's urørtheit, og nødvendig ro for rovfugl og andre arter som har tilhald i desse fjellområda.

4 Oppsummering

- I medhald av vassressurslova § 24 fremjer Fylkesmannen motsegn til Torske og Hareima kraftverk. Dette ut frå dei landskapsmessige konsekvensane i Sunndalen. Tiltaka vil også gripe inn i inngrepsfrie naturområde (INON), både i Trollheimen landskapsvernområde og Dovrefjell-Sunndalsfjella nasjonalpark. Desse INON-områda er også særskilt prioritert i Fylkesdelplan for inngrepsfrie naturområde.
- Fylkesmannen vil rå i frå utbygging av Gryta og Somrungen kraftverk. Ut frå ei samla vurdering vil bortfall av INON i Trollheimen LV og anna mogleg belastning på verneområdet vere klart uheldig.
- Isolert sett vil vi ikkje gå imot ei utbygging av Skrondal kraftverk (Tverrelva). Etter Fylkesmannens vurdering er utbyggingsomfanget i Øksendalen likevel kome så langt at vi vil be NVE nøye vurdere samla belastning og om det bør byggast ut fleire vassdrag i dette dalføret.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)
ass. fylkesmann

Linda Aaram
miljøverndirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Fagsaksbehandlarar

Trollheimen landskapsvernområde: verneområdeforvaltar Hege Sæter Moen 71 66 52 42
Biologisk mangfald: seniorrådgivar Kjell Lyse, tlf. 71 25 84 26

Kopi:

Sunndal kommune, Postboks 94, 6601 Sunndalsøra
Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Miljødirektoratet Postboks 5672 Sluppen, 7485 Trondheim